



Stendal Vvs AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1074 - 17/10182

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
22.05.2017

Godkjenning - utslepp til minireinseanlegg for eigedomane gbnr 20/3 og 20/34-35

Administrativt vedtak. Saknr: 138/2017

Tiltakshavar: Gro og Arne Dale Dalland
Ansvarleg søkjar: Stendal VVS
Type utslepp: Sanitært avlaupsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12- 5
Godkjenning etter plan- og bygningslova § 20- 1

Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført 27.04.2017, søkt om utslepp, 10 pe, frå 1 våningshus og 1 bustadhus på Dale, gbnr 20/3 og gbnr 20/34,35. I samsvar med søknad skal avlaupet reinsast i eit biologisk/kjemisk minireinseanlegg. Omsøkt anlegg er eit tohusanlegg. Reinsa avlaupsvatn vert deretter ført til sandfiltergrøft på eigedomen gbnr 20/3.

Begge eigedomane har i dag godkjent avlaupssløysing med slamavskiljar.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 26.04.2017 i samsvar med pbl § 21-3. Nabo har samtykka i tiltaket. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare nabovarsel.

Vurering:

Planstatus:

Eigedomen gbnr 20/3 ligg i LNF-område og er ein landbrukseigedom i drift. Eigedomen gbnr 20/34, 35 har i kommuneplanen for Meland status som LNF-spreidd bustad. Omsøkt tiltak kan difor tillatast i tråd med eksisterande bruk. Eigedomane har i dag avlaupssløysing med slamavskiljar.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Eigedomane ligg i eit område med krav til reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg med etterpolering. Det er ikkje mogeleg å føra avlaupet til sjø.

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredstiller NS-EN 12566-3 eller tilsvarende standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jfr § 7 i forureiningslova.

Utsleppet det her er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering, i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

Slamavskiljarar som ikkje lenger er i bruk skal sikrast. Dette kan gjerast ved at dei vert fjerna eller ved at dei vert tømde og fylt igjen med steinmassar. Eigar må sjølv syta for naudsynt tømning og sikring av slamavskiljaren. Tilknyting til kommunal slamtømmeordning går ut.

Før anlegget vert teke i bruk må det liggja føre ei solidarisk skriftleg avtale om kostnadsdeling ved installasjon og vedlikehald av anlegget. Kopi av avtalen må sendast kommunen.

Ansvarsrett:

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av motteken erklæring om ansvarsrett, journalført motteke 27.04.2017.

Vedtak

Meland kommeune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5, utsleppsløyve, 10 pe, frå 1 våningshus på eigedomen gbnr 20/3 og 1 bustadhus på eigedomen gbnr 20/34,35, i samsvar med søknad journalført 27.04.2017 og på følgjande vilkår.

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk/kjemisk minireinseanlegg med etterpolering, der reinsa avlaupsvatn vert ført til sandfiltergrøft på eigedomen gbnr 20/3.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det må opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.

Meland kommune gjev med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 løyve til etablering av minireinseanlegg for eigedomande gbnr 20/3 og gbnr 20/34,35, i samsvar med søknad journalført 27.04.2017.

Anlegget skal plasserast som vist på situasjonsplan, journalført 27.04.2017, jf plan- og bygningslova § 29-4.»

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Utslepp gbnr 20-3 og gbnr 20-34,35

Kopi til:

Gro og Arne Dale Dalland
Svein Arne Dale

Øvredalsvegen 92 5918
Øvredalsvegen 90 5918

FREKHAUG
FREKHAUG

Mottakere:

Stendal Vvs AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND